



HJELMELAND  
Kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
086/23	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	19.10.2023

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svanhild Hjorteland Gbada	K2-U43	23/1330

### Dispensasjon frå kommuneplanen - Avvik i ankringslinjer , Kveiteoppdrett A19 Sigmundstad, Fisterfjorden

#### Vedlegg:

bilde3

Visuell kartlegging naturmangfold Sigmundstadneset

Sigmundstadneset\_Forundersøkelse\_SterlingWhiteHalibut\_31.01.23

Hjelmeland kommune - Justert uttalelse til søknad fra Sterling White Halibut AS om dispensasjon fra kommuneplanen for Sigmundstad i Fisterfjorden

Referat frå møte med Fiskeridirektoratet og fiskarlaga - Oppdrett kveite Sigmundstad - dispensasjon ankring

Svar vedr dispensasjonssøknad Sigmundstad - innsyn i kommuneplandokument mm

Uttale frå Rogaland fylkeskommune Plan - dispensasjon ankringsområde A19 Sigmundstad

Uttale frå Sør -Norges Fiskarlag - dispensasjon ankringsområde A19 Sigmundstad

Uttale frå Lysåsen Velforening - dispensasjon ankringsområde A19 Sigmundstad

Uttale frå Tønnevik AS - dispensasjon til ankringsområde A19 Sigmundstad, Fisterfjorden.

Uttale frå Kystverket - dispensasjon ankringsområde A19 Sigmundstad

Uttale frå Rogaland fylkeskommune seksjon kulturavv - dispensasjon ankringsområde til A19 Sigmundstad

Uttale frå Stavanger maritime museum - dispensasjon ankringsområde A19 Sigmundstad

Uttale frå Fiskeridirektoratet - dispensasjon frå kommuneplanen A19 Sigmundstad i Fisterfjorden

Fråsegn frå Statsforvaltaren - dispensasjon - ankringsanlegg - A19 Sigmundstad

Merknader til dispensasjon A19 Sigmundstad frå Fister bygdaråd

Innsigelser til dispensasjon A19 Sigmundstad frå Ingjerd Nicolaysen

Innsynsbegjæring og merknader frå – dispensasjon fra kommuneplanen – ankringsområde til A19 Sigmundstad

Høyring - dispensasjon frå kommuneplanen - ankringsområde til A19 Sigmundstad, Fisterfjorden - Hjelmeland

Dispensasjon fortøyning Sigmundstadneset

#### Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune viser til dispensasjonssøknad frå Sterling White Halibut AS frå kommuneplanens areal del for avvik i ankringslinjer for kveiteanlegg ut over avsett kombinert formål i

sjø FFA -ferdsel, fiske og akvakultur -område ved A19 Sigmundstad i kommuneplanen.

Det gis dispensasjon frå avviket i ankringsområde slik vist i justerte/modererte kartskisser jf vedlegg: Kart \_Justert ankringsanlegg Sigmundstad\_ okt 23, som òg framgår av sakframlegg: dvs 5 avvikande ankringslinjer i vest, med lodd innanfor FFA-området som vil halde ankringslinjene langs botnen vidare ut i fiskeriområdet.

Ein kan ikkje sjå at avviket i desse ankringspunktta fører til at omsyna til regionale/nasjonale fiskeriinteresser blir vesentleg tilsidesettet.

Ein legg til grunn at sjølve overflateanlegget er i tråd med kommuneplanens arealdel, og blir etablert innanfor avsett akvakulturareal A19 Sigmundstad, og at resten av ankringsanlegget òg er i tråd med FFA-område.

Føremonene for prioritert arealbruk og næring akvakultur vil vere større enn ulempene då det vanskeleggjer etablering av anlegget utan desse avvika.

#### **Vilkår for å gi dispensasjon:**

- Før ankring av anlegget kan utførast skal det føretas ei marinarkelogisk undersøking for å vurdere om avviket i ankringslinjene kjem i konflikt med eventuelle freda kulturminne og skipsfunn, jf undersøkingsplikta i Lov om Kulturminne
- Kommuneplanens § 32 om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir lagt til grunn i den vidare prosess etter akvakulturlova, herunder fagkyndig naturmangfaldvurdering òg ift ankringsanlegget.
- Dispensasjonen er ikkje gyldig før det er gitt løyve til etablering av anlegget etter akvakulturlova.
- Alt utstyr på og under sjøoverflata, inkludert anker/boltar/andre installasjonar må fjernast etter endt drift

Hjelmeland, den 02.10.2023

Janne Johnsen  
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 086/23

#### **AFU - behandling:**

#### **Behandling:**

Katrine Hansson Øvrehus Stangelo, AP stillte spørsmål om ugildskap, utvalet vurderte Stangelo som gild i saka.

#### **Røysting:**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei vedtatt mot ein røyst (Stangelo, AP).

#### **AFU - vedtak:**

Hjelmeland kommune viser til dispensasjonssøknad frå Sterling White Halibut AS frå kommuneplanens arealdel for avvik i ankringslinjer for kveiteanlegg ut over avsett kombinert formål i sjø FFA -ferdsel, fiske og akvakultur -område ved A19 Sigmundstad i kommuneplanen.

Det gis dispensasjon frå avviket i ankringsområde slik vist i justerte/modererte kartskisser jf vedlegg: Kart \_Justert ankringsanlegg Sigmundstad\_økt 23, som òg framgår av sakframlegg: dvs 5 avvikande ankringslinjer i vest, med lodd innanfor FFA-området som vil halde ankringslinjene langs botnen vidare ut i fiskeriområdet.

Ein kan ikkje sjå at avviket i desse ankringspunktta fører til at omsyna til regionale/nasjonale fiskeriinteresser blir vesentleg tilsidesett.

Ein legg til grunn at sjølve overflateanlegget er i tråd med kommuneplanens arealdel, og blir etablert innanfor avsett akvakulturareal A19 Sigmundstad, og at resten av ankringsanlegget òg er i tråd med FFA-område.

Føremonene for prioritert arealbruk og næring akvakultur vil vere større enn ulempene då det vanskeleggjer etablering av anlegget utan desse avvika.

#### Vilkår for å gi dispensasjon:

- Før ankring av anlegget kan utførast skal det føretas ei marinarkelogisk undersøking for å vurdere om avviket i ankringslinjene kjem i konflikt med eventuelle freda kulturminne og skipsfunn, jf undersøkingsplikta i Lov om Kulturminne
- Kommuneplanens § 32 om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir lagt til grunn i den vidare prosess etter akvakulturlova, herunder fagkyndig naturmangfaldvurdering òg ift ankringsanlegget.
- Dispensasjonen er ikkje gyldig før det er gitt løyve til etablering av anlegget etter akvakulturlova.
- Alt utstyr på og under sjøoverflata, inkludert anker/boltar/andre installasjonar må fjernast etter endt drift

#### Samandrag

Sterling White Halibut AS har søkt om **dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for avvik i fortøyningsanlegg til nytt oppdrettsanlegg på lokalitet A19 - Sigmundstad - Fisterfjorden**

Arealet der sjølve overflateanlegget skal etablerast er i kommuneplanen lagt ut som akvakulturområde A19 der akvakulturanlegg er i tråd med kommuneplanen.

Utanfor/rundt akvakulturarealet er det avsett eit areal der ankringsanlegget skal etablerast, eit såkalla kombindrt formål: FFA: ferdsel, fiske og ankringsanlegg for Akvakultur. Anlegget si fortøyning i sjøbotn vil strekkje seg noko ut forbi arealet FFA-formålet, og ut i avsett område for fiske. Det er "kun" dette avviket denne dispensasjonen dreier seg om. Det er såleis òg merknader knytt til sjølve avviket i ankringsanlegget som blir vurdert i denne omgang. Det er mottatt svært mange merknader til saken. Mesteparten av innkomne merknader gjeld andre forhold knytt til lokaliseringa som sådan, og som er relevante i ein eventuelt påfølgjande søknadsprosess etter akvakulturlova. I denne saken er det "kun" det fysiske avviket i ankringlinjene under sjøoverflata som blir vurdert - ikkje storleik/utforming av anlegget som sådan, heller ikkje biomasse, spredning av næringsstoff, driftsforhold oa.


Det som i hovudsak er relevant i denne dispensasjonssaken er forholdet til fiskeriinteressene, for det er desse interessene som i følge kommuneplanen har prioritet utanfor Akvakultur og FFA-området. Uttalane frå regionale fiskarlag og Fiskeridirektoratet er difor svært relevante i saken. Det har vore avhalde møte med fiskarlaga og Fiskeridirektoratet, og på grunnlag av opplysingar frå fiskarane vurderer Fiskeridirektoratet avviket som akseptabelt, og har ikkje tungtvegande innvendingar til dispensasjon frå kommuneplanen. Søkjar Sterling AS har undervesg i denne prosessen justert litt på søknaden, sjå skisser under, som gjer at ankringslinjene inne i fiskeområdet blir liggjande langs botn.

Kommunen oppfattar dette som ei moderering i retning av å ta meir omsyn til fiskeriinteressene. Kommunedirektøren tilrår at det gis dispensasjon på visse vilkår.

**Part i saka:**

Søkjar: Sterling White Halibut AS, kveiteoppdrett.

**Fakta**





Kartskissa viser ankringslinjene i innsendt søknad juli 23 . Ankringslinjene er her lagt over kommuneplanens arealdel

**Utdrag frå Sterling sin søknad, sjå vedlegg:**

*Merdene vil legges innenfor grensene av område A19 avsatt av Hjelmeland kommune til akvakultur. De fleste fortøyningspunktene ligger innenfor flerbruksområdet som omfavner akvakulturflaten, men de nord-vestlige fortøyningene ligger inne i fiskeriområde. Fra ytterkant av flerbruksområde strekkes fortøyningene ca. 250 meter inn i fiskeriområdet på +/- 200 meters dybde. AIS-data (kystverket.no), indikerer fiskeriaktivitet i området. Fortøyningene vil ligge innenfor grensene av flerbruksområdet med unntak av fortøyninger som strekker seg i retning nordvest mot senter av Fisterfjorden (se figur)*

Avviket skjer altså på 5 ankringslinjer, som går ut over avsett forankringsareal FFA ut i fiskeområdet i Fisterfjorden . Sterling grunngir søknaden med at det er naudsynt å strekke linjene såpass langt ut/ned i fjorden for å få tilstrekkelig feste for anlegget.

Sterling har undervegs i prosessen og etter dialog med fiskeriinteressene sett på moglegheiter for justeringar for å marginalisere konflikt med fiskeriinteressene:



**Kartskissene viser moderert forslag oktober 23:** Festepunktene vil framleis gå til midtfjords (slik som originale teikningar viser), men nå langs botnen vha lodd lodd/feste innanfor FFA området.

Sterling har elles allereie sendt inn **søknad om løye til Fylkeskommunen for oppdrett av kveite på denne lokaliteten jf Akvakulturlova**. Søknaden er enda ikkje motteke i kommunen. Denne prosessen startar etter at dispensasjonen er behandla. Første som skjer då er at Fylkeskommunen sender søknaden på høyring, herunder òg til kommunen og fag/sektorstyresmakter. Kommunen si oppgåve er då å kunngjere søknaden i 4 medier; kommunen si nettside, lokalavisar og Norsk Lysingsblad. Det blir då gitt rom for medverknad/uttale, og desse sendast til kommunen. Etter det sender kommunen ein uttale, basert på kommuneplanen sin arealdel, og innkomne merknader. Det er fylkeskommunen som tildeler evt avviser løyver etter akvakulturlova.

#### **Lovar, føresegner, rundskriv**

Dispensasjonar blir behandla etter **plan-og bygningslova kap 19**. Utdrag frå loven:

#### **§ 19-1.Søknad om dispensasjon**

*Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboenas interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før detgis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.*

#### **§ 19-2.Dispensasjonsvedtaket**

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke ges dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*


*Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler. Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet*

I denne saken er det avviket i ankringslinjer som blir vurdert; ikkje lokaliteten som sådan. Det kjem i påfølgjande sak etter akvakulturlova.

#### **Økonomiske konsekvensar**

For kommunen ingen kjende

#### **Gjeldande planar, retningsliner og vedtak**



#### Utsnitt frå kommuneplanens arealdel vedtatt i 2019:

- **Lilla areal: Akvakultur A19 Sigmundstad** med følgjande føresegn: § 32 Akvakultur: *Innanfor formål akvakultur skal havbruksrelatert næring har prioritet, herunder fiskeoppdrett, havbeite og/eller produksjon av akvatiske organismar jf akvakulturlova. For etablering av nye anlegg innanfor framtidig akvakulturformål er det krav om utarbeiding av KU til søknad etter Akvakulturlova.*

Det er òg ei retningslinje om at det er laks som skal vere på A19 + retningslinjer om kommunal behandling av konsesjonssaker etter oppdrett/akvakulturlova og avstand frå land.

**Skravert areal utanfor A19: Kombinerte formål ferdsel, fiske og akvakultur FFA med føresegn:**  
 §33 Kombinert formål i sjø FFA: *ferdsel fiske og akvakultur Innanfor kombinert formål i sjø td FFA ferdsel, fiske, akvakultur er ikkje anlegg i sjøoverflata tillatt. Førtøyningsanlegg under sjøoverflata til akvakulturanlegg kan tillatast på vilkår av 1) at førtøyningsplan blir vurdert opp mot dei andre interessene innanfor området 2) at ein sikrar fri ferdsel for småbåt på innside langsmed land og 3) at sektormyndighetene gir løyve*

**Mørkeblått areal:** Fiskeområde FO32 , med retningslinje: *Det skal takast omsyn til tradisjonelt fiske innafor sjøområda i Hjelmeland, og det skal ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for fiskerinæringa innanfor området avsett til fiske. Gjeld FO 32 Trålefelt reke, Flsterfjorden*

#### Konsekvensar for naturmangfold, klima og miljø

Vedlagt i saka ligg det ei **Visuell kartlegging av naturmangfold, Sigmundstad** utført for søkjar av DNV. Totalt er 9,6 km av sjøbotn kartlagd og sjøbotn og fauna er filma vha undervanns-ROV. I følge rapporten er programmet for karlegginga oversendt og vurdert i samråd med Statsforvalteren i

Rogaland. Hovedfokus med undersøkinga var å avdekke område kor evt korallar eller svampar kan forekomme.

#### Konklusjonen frå rapporten:

- Den visuelle undersøkelsen ble utført uten problemer langs de planlagte kartleggingslinjene. Totalt ble det flyyet omrent 9,6 km langs sjøbunnen og ca. 10 timer med video ble innsamlet.
- Havbunnen ved lokasjonen varierte mellom hardere bunntyper som berg (fjellvegg), pukk og grus langs land til sand og mudder iblandet steinblokker lenger ut og bløt mudderbunn på de dypeste deler >100 meters dyp
- Dypet på de undersøkte områdene varierte mellom 45 – 215 meter. Bergveggene langs land stupte brått ned mot dypet.
- Bentisk megafauna var dominert av suspensjons-eterer som sjøpølser, anemoner og sjøfjær, samt gravende krepsdyr.
- Det ble ikke observert noen habitater som er klassifisert som sårbarer av OSPAR eller Norsk rødliste for naturtyper. Det ble heller ikke observert noen bentiske arter som er vurdert som truet eller nær truet på Norsk rødliste for arter (Tabell 6.1)
- Pigghå ble observert som er vurdert som sårbar (VU) i Norsk rødliste for arter

Sjølv om det her “kun” er gjort ei kartlegging og ikkje ei naturfagleg konsekvensutgreiing, er det rimeleg å anta at avviket i sjølve ankringa (dvs fem liner med feste) utanfor avsett område ikkje vil øydelegge viktige/sårbare marinhabitatar, ettersom slike ikkje er observert. Ein legg likevel til grunn at omsynet til naturmangfold og miljø blir ein del av ei påfølgjande konsekvensutgreiing i samband med søknad om løyve etter akvakulturlova. Det er elles kome fleire merknader/protestar til etablering av anlegget som sådan, som m.a. òg går på naturomsnet, td med henvisning til at det er observert fleire raudlista artar i området.

Det vil vere relevant å sjå opplysningsane/påstandane i uttalane opp mot konklusjonane i ei naturfagleg konsekvensvurdering i den påfølgjande saka etter akvakulturlova.

#### Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Det er kome mange merknader og protestar til lokaliseringa av anlegg her som sådan. Merknadane er primært kome frå hytteeigarar og fastbuande på landsida. Her er det mange relevante tema: Rekreasjon: bading, fisking, utsikt, lys støy, lukt, forureining sjø fugle/dyreliv, strandsone, verditap eiendom. Dette er tema som kan ha noko å seie for folkehelse iif stressmoment, mistriksel, opplevd livskvalitet oa. Og dette kan vere relevant iif lokalisering av anlegget som sådan. Men det er vel heller vanskeleg å hevde at **avviket i dei 5 ankringslinjene** ut/ned i fjorden på over 200 m djup har noko å seie for desse vurderingsmomenta.

#### Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant

#### Innkomne uttalar

Søknaden er ikkje særskilt varsla til eigarar på land pga avviket frå kommuneplanen går utover i fjorden/ned i djupet, og ein kan ikkje sjå at lovens krav til nabovarsling slår ut her. Kommunen har varsla overordna/eksterne planmyndigheter og ein har hatt møte med representantar for fiskeriinteressen.

Det er likevel kome mange merknader til saken, sjå vedlegg. Mellom anna er det kome eit skriv innsendt av **Anna Serina Nativik som representerer mange eigarar langs landsida**. Det er der retta ein del spørsmål og kritikk til kommuneplanprosessen 2019, dette er svart ut i eit utgåande brev frå

kommunen, sjå vedlegg. Det er òg kome skriv innsendt frå **Ingjerd Nicolaysen som òg representerer fleire eigarar på landsida, og frå Lysåsen Velforening v/Hege Eide og Tønnevik AS v/Peter Sigmundstad. Fister bygdaråd** har òg kome med merknad ma med oppmoding om informasjonsmøte i saken. Kommunen har tilbydd ope informasjonsmøte i saken til Natvik, som representant for dei fleste eigarane, utan at dette er fulgt opp vidare.

Det er generelt sett retta ein del kritikk til konsekvensutgreiinga og prosess ifm med kommuneplanbehandlinga 2018-19, Dette er langt på veg svart ut (jfr brev til Natvik nemn i avsnitt over), og kan informerast nærmere om om ønskjeleg. Ein omtalar ikkje dette meir i denne saken, då kommunedirektøren legg til grunn at kommuneplanen er godkjent etter ein open/brei prosess i tråd med plan-og bygningslova sine formkrav.

**Det aller meste av merknadane frå landsida går på sterk motstand mot etablering av eit slikt oppdrettsanlegg her.** Det går hovudsakleg på interessemotsetnad hytte/busetnad, men òg på forureining, støy, lys, dyreliv, fiske, bading osv. Alt dette er relevante tema ift ein lokaliseringsdebatt, men nesten ingen av merknadane går på avviket i forankringsarealet ut i fjorden/sjøbotn. Ettersom få av dei innkomne merknadane frå landsida omtalar ankrings-avviket under overflata, vel kommunedirektøren å ikkje liste desse opp eller kommentere de, men fokuserer på uttalar som konkret går på avviket under sjøoverflata. **Alle uttalar er likevel lagt ved i saka.**

**Kommunen har sendt saka på høyring til eksterne sektormyndigheter, det har kome følgjande uttalar:**

**Fiskeridirektoratet** har sendt to uttaler:

I den første uttalen meinte dei at avviket i ankringslinjene kunne ha vesentleg betydning for fiskeriinteressene, basert på kartlagde opplysningar i kartportalen Yggrasil, og tilrådde at dispensasjon ikkje kunne gis pga vesentlege negative konsekvenser for de tradisjonelle fiskeriinteresser, reketrålarar. Ettersom søker opplyste at Kystfiskarlaget ikkje har merknader til avviket, fann ein det tenleg å avklare meir konkret ift fiskeriinteressene. Det blei difor gjennomført eit møte der både Fiskeridirektoratet, SørNorges Fiskarlag og SørVestNorges Kystfiskarlag deltok, sjå vedlagd møtenotat. Begge dei sistnemnde representerer yrkesfiskarar i regionen. I møtet blei det opplyst at trålefeltet pr i dag ikkje er bruk og har ikkje vore det på fleire år, og Kystfiskarlaget hadde ikkje innvendingar. Fiskarlaget meinte derimot at ein må sjå det i eit lengre perspektiv og at avviket i ankringa kan vere konfliktfullt ift trålefiske, opprett held uttalen, sjå under. På bakgrunn av dialogmøtet har Fiskeridirektoratet justert si uttale: dei meiner det framleis vil ha negative konsekvensar for fiskeriinteressene, men ikkje vesentlege negative konsekvensar. Dei oppmodar om mogleg å modere fortøyningsstrekka for å marginalisere konfliktnivået, men konkluderar med at FD ikkje har tungtvegande innvendingar til ein dispensasjon.

#### **Kommunedirektøren sin kommentar.**

Det er vanskeleg når ein får ulike faglege vurderingar frå dei ulike interesseorganisasjonane. Kommunen legg likevel vekt på at det er Fiskeridirektoratet som er overordna sektormyndighet ift fiskeriinteresser. Kommunedirektøren legg òg vekt på at søker faktisk har fulgt direktoratet si oppmoding ift moderasjon i ankringsanlegget, sjå faktadel ovanfor. Kommunen oppfattar at den justerte løysinga frå søker med botnlodd som vil halde ankringslinjene langs botnen ut i fiskeriområdet som vil imøtekome fiskeriinteressene på ein litt betre måte.

#### **SørNorges Fiskarlag**

Trålfeltet er òg registrert i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Arealbeslag over og under

sjøoverflata lar seg ikkje forene med trålaktivitet. Dersom det blir gitt dispensasjon for anlegget med fortøyningar vil ein øydeleggje forholda for reketråling i området og vere i strid med føremålet «fiske». Ein minnar om at dette er naturgjevne område og kan ikkje flyttast. Sør-Norges Fiskarlag kan ikkje akseptere arealbeslag i eit reketrålfelt kor det ellers ikkje er arealbeslag. Anlegget med fortøyningar må leggast slik at det ikkje hindrar reketråling. Sjå elles møtereferat der dei opprettheld si uttale.

#### **Kommunedirektøren sin kommentar**

Viser til kommentaren ovanfor.

#### **Kystverket**

*Utdrag: I forbindelse med forrige rullering av kommuneplanen hadde Kystverket merknader til omfanget av A19 av hensyn til ferdselen i Fisterfjorden. Det er derfor viktig at alle deler at ett overflateanlegg holdes innenfor avsatt areal til akvakultur, som vil komme ut i farledsarealet (grønnskravur), jf. sjøkartutsnitt nedenfor. Kystverkets har ikke motforestillinger til at kommunen gir dispensasjon, til skisserte avvik fra plan på 180-200 meters dyp, for å oppnå en sikker forankring av anlegget. Vi gjør oppmerksom på at etablering av akvakulturanlegg vil være avhengig av tillatelse fra Kystverket etter havne- og farvannsloven § 14.*

#### **Kommunedirektøren sin kommentar**

Ein tek uttalen til etterretning.

#### **Statsforvaltaren**

*Utdrag: "Me veit at DNV AS har utarbeida eit program for visuell kartlegging av havbotn ved Sigmundstad. Resultata frå denne undersøkinga bør føreligge før kommunen gjer dispensasjon til forankringane. Dette for å hindre at ein øydelegg sårbare marine habitat"*

#### **Kommunedirektøren sin kommentar:**

Den visuelle kartlegging ligg føre og det er ikkje påvist sårbare marine habitat. sjå elles kommentar under punkt Konsekvensar for naturmangfold.

#### **Stavanger Maritime Museum**

Krev marinarkæologisk registrering på grunn av potensialet for hittil ukjente §4 automatisk freda kulturminner og §14 skipsfunn, jf kulturminnelova si undersøkingsplikt. Den arkæologiske registreringen må være gjennomført før de kan ta stilling til en kommende akvakultursøknad.

#### **Kommunedirkektøren sin kommentar.**

Søkjær har ikkje lagt ved slik registering enda, men mogleg den er avklart ift allereie innsendt søknad om løyve etter akvakulturlova til fylkeskommunen. Kommunen vil likevel legge til grunn som vilkår i vedtaket at dette må på plass før løyve etter akvakulturlova blir gitt. Ein forstår det slik at dette har vore praksis i andre tilsvarende saker.

#### **Rogaland Fylkeskommune seksjon kulturarv**

Som det går frem av museets innspill datert 10.08.23 har de aktuelle sjøarealene et stort potensial for funn av automatisk freda kulturminner og skipsfunn. Det må derfor gjennomføres en marinarkæologisk registrering før museet kan ta stilling til en søknad om konsesjon etter akvakulturloven

#### **Kommunedirkektøren sin kommentar.**

sjå kommentar ovanfor.

## Rogaland fylkeskommune - Avdeling plan, miljø og samfunn

Viser til KU-kravet ift § 32 i kommuneplanen, samt vilkåra i kommuneplanens § 33. Viser òg til at det må gjerast vurderingar etter plan-og bygningslova § 19-2.

### Kommunedirektøren sin kommentar:

Kommuneplanens paragrafar samt plan- og bygningslova si § 19-2 er kommentert i vurdéringsdel under.

### Vurdering

Saka dreier seg om avviket i fortøyningslinjene utanfor avsett område i kommuneplanen, og ikkje om lokaliseringa og løyve til etablering som sådan på denne staden. Sjølvé oppdrettsøknaden har Sterling White Halibut sendt til fylkeskommunen, og vil bli behandla etter akvakulturlova. Gjennom den prosessen vil det bli ei ny kunngjering og offentleg høyring av den konkrete søknaden om løyve til etableringa. I den prosessen er det Rogaland fylkeskommune som samordnar søknaden etter anna lovverk og ift til andre andre sektormyndigheter og interesseavklaringar. Det er òg fylkeskommunen som gir, eller avslår, løyve til etablering.

Generelt sett tykkjer kommunen det er flott at folk og næringsaktørar engasjerer seg om sitt nærmiljø og endringar i arealbruk i nærlieken av hytter og hus. Ein skulle gjerne ønskje at dette engasjementet kom i det tidsrommet då framtidig arealbruk virkelig er oppe til diskusjon, og når kommunen brukar mykje ressurser på politisk medverknad, folkemøter, opne høyringsrundar og grendemøter: altså gjennom kommuneplanprosessen som skjer med ulike mellomrom. Sjølv om ein legg opp til opne prosessar både i møter og innspelsrundar/høyringar, så har ein forståing for at det for folk flest kan vere vanskeleg å fange opp dei endringane som planar kan legge opp til. Ein slik plan kan gjerne oppfattast som litt abstrakt, ein lilla firkant på eit kart, og ikkje som noko fysisk reelt som faktisk kan skje. Dette som nå har kome fram av engasjement er viktig lærdom for neste kommuneplanprosess, og kommunar generelt må nok legge seg enda meir i selen for å opplyse, informere og skape engasjement om pågåande planprosess som kan påvirke folk sitt kvarlagsmiljø.

Kommunen merker seg med engasjementet og protestane, og har respekt for desse. Men utgangspunktet er kommuneplanens arealdel 2019 som er fatta på lovleg grunnlag og soleis gjeldande. Ein må òg legge til grunn at kommuneplanen forpliktar og skal vere føreseileg ut i den vidare forvaltninga - noko som td har medfører at Sterling White Halibut AS her har søkt til ein godkjent lokalitet A19 Sigmundstad, og ikkje til eit anna "vilkårleg" sjøareal. Når det gjeld planavklaring forøvrig så forheld kommunedirektøren seg til vedtatt kommuneplan 2019, som gir rom for både akvakulturanlegg i sjø og hyttefelt/bustader/camping på land. Slik kommunedirektøren tolkar kommuneplanen har kommunestyret her samråystes akseptert sameksisens av ulike arealbruksinteresser som td havbruk og hytter/hus. Etter kommunedirektøren sitt syn er såleis ei lokalisering her som sådan planavklart.

Vurderinga i denne saken vil såleis vidare dreie seg om **dispensasjonsspørsmålet, og avviket under sjøoverflata på dei 5 ankringslinjene.**

**Kommunen skal vurdere plan og bygningslova sine krav:**

#### **§ 19-1.Søknad om dispensasjon**

Såvidt ein kan sjå er lovens krav oppfylt: søknaden er grunngjeven gjennom dialog med sokjar, den er breitt varsle, den har vore på høyring hjå regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, det er utført naturkartlegging og det har vore konkret dialog med dei mest berørte

interesser: fiskeriinteressene.

**§ 19-2 - første ledd: Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.**

Det å setje vilkår kan vere relevant; td om ytterlegare undersøkingar eller at dispensasjonen ikkje vil vere gyldig med mindre det blir gitt løyve til etablering etter akvakulturlova.

**§ 19-2 - andre ledd : "Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt".**

I dette tilfellet går avviket i ankringslinjer ut fiskeområde i sjø, der fiskeriinteressene er prioritert. Dersom omsynet til fiskeriinteressene blir vesentleg tilsidesett, kan ikkje dispensasjon gis. I dette konkrete tilfellet har det vore brei dialog med både Fiskeridirektoratet og lokale/regionale fiskeriorganisasjonar. Sjølv om desse har noko ulik vurdering, har Fiskeridirektoratet konkludert med at avviket er akseptabelt, om enn ikkje ønskjeleg, og nasjonale/regionale interesser ikkje blir vesentleg tilsidesett. Såleis er lovens krav ift andre ledd oppfylt.

Kommunedirektøren legg òg vesentleg vekt på at søker har faktisk gjort det som tilpassingar/nedjusteringar i søknaden som følgje av prosessen/dialogen med fiskeriinteressene. Ein viser til skissene innleiingsvis ovanfor. Dei raude punkta innanfor FFA/ankringsområde viser lodd som vil halde ankringslinjene langs botnen vidare ut i fiskeriområdet. Kommunen vurderer det framleis som ein dispensasjon, fordi sjølege linene og endefestepunkta ligg utanfor FFA-området, Men ein oppfattar det som ei meir moderat løysing som imøtekjem fiskeriinteressene på ein litt betre måte.

**§ 19-2 - forts andre ledd: Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.**

Dette må sjåast i lys av dei meir heilskapleg samfunnsmessige interesser i området. Kommuneplanen legg utvetydig opp til at det dette området skal kunne etablerast akvakulturanlegg. Havbruksnæringa er derfinert som ei av dei viktigaste næringane i Hjelmeland kommune, noko som òg er nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Dette kom tydeleg fram under den politiske prosess under kommuneplanbehandlinga. Det blei peika på moglege interessekonflikter, men akvakultur blei likevel samråyses prioritert under fleire politiske behandlingar i 2018-19. I dette tilfellet må ein difor legge til grunn at det er samfunns-og næringsmessige interesser for at det let seg gjere å etablere nettopp akvakultur akkurat her - Då vil ein hevde at føremonene med å avvike noko på nokre av ankringspunktene ned i sjø ut i fjorden(som trass alt er eit lite avvik i den store samanhengen her) er større enn ulempene.

**Kommunen skal òg vurdere kommuneplanens føringer for arealbruk i området:**

**Akvakultur med føresegne § 32 "Innanfor formål akvakultur skal havbruksrelatert næring har prioritet, herunder fiskeoppdrett, havbeite og/eller produksjon av akvatisk organisk materiale jf akvakulturloven. For etablering av nye anlegg innanfor framtidig akvakulturformål er det krav om utarbeiding av KU til søknad etter Akvakulturlova", med tilhøyrande retningslinjer - sjå ovanfor.**

Ein finn det relevant at kommuneplanens krav om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir fulgt opp i den vidare prosess etter akvakulturlova, og tilrår at dette blir lagt inn som eit vilkår for dispensasjon. Til retningslinje laks på lokaliteten: Ettersom dette er ei retningslinje (basert på innspel til kommuneplanen om laks her), og ikkje ei juridisk bindande føresegne, vurderer kommunen det som at det ikkje er ein dispensasjon at det er kveite som blir omsøkt. Retningslinje ift avstand blir ivaretatt;

det vil vere mogleg med fri ferdsel med småbåt langs land.

**Kombinert formål i sjø FFA med føresegn § 33:** *ferdsel fiske og akvakultur "Innanfor kombinert formål i sjø td FFA ferdsel, fiske, akvakultur er ikkje anlegg i sjøoverflata tillatt. Førtøyningsanlegg under sjøoverflata til akvakulturanlegg kan tillatast på vilkår av 1) at førtøyningsplan blir vurdert opp mot dei andre interessene innanfor området 2) at ein sikrar fri ferdsel for småbåt på innsida langsmed land og 3) at sektormyndighetene gir løyve"*

Såvidt ein kan sjå er vilkåra her oppfylt; 1) fortøyninga er vurdert opp mot andre interesser 2) ein kan ikkje sjå at avviket i ankringslinjene endrar eller påvirkar fri ferdsel for småbåt på innsida langs land, fordi det ikkje er avvik mot land. Uansett vil akvakulturlova sine reglar frå ferdelsforbod frå anlegget gjelde, 3) sektormyndigheter er her høyrd og ein har fått aksept for avviket frå dei mest relevante myndigheter som i dette tilfellet er Fiskeridirektoratet. Dispensasjon vil sjølv sagt ikkje vere gyldig før eit eventuelt løyve etter akvakulturlova er gitt, der òg sektormyndigheter skal uttale seg.

**Fiskeområde FO 32 : Trålefelt for reke:** *Det skal takast omsyn til tradisjonelt fiske innafor sjøområda i Hjelmeland, og det skal ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for fiskerinæringa innanfor området avsett til fiske.*

Ein viser her til prosess/møte og uttalar som er gitt, sjå i kap innkomne merknader ovanfor. Det var nettopp omsynet til tradisjonelt fiske som der blei drøfta, og avviket er funne å vere akseptabelt. Ein viser òg til justeringar Sterling har gjort i ankringsanlegget som går i retning av å ta meir omsyn til tradisjonelt fiske enn først omsøkt.

#### **Oppsummering og konklusjon.**

Kommunedirektøren meiner at lovens krav til å kunne gi dispensasjon i dette tilfellet er oppfylt og at ein finn det samfunnstenleg å gi dispensasjon til avvik i ankringslinjer.